

Brazzooka også til Sildajazz

22.07.2010



**Bandet Brazzooka med 9 på laget har hatt stor suksess i sitt førebels stutte liv og no blir suksessen toppa med eit smigrande oppdrag: Å spela på Sildajazz i Haugesund 14. august.**

**Det er tre uskedelingar i bandet.**

Leiar Sebastian Lamberg Torjusen (15) har denne kommentaren til Grenda:

- Dette er fantastisk, vi har allereie byrja å sjå fram til turen.

Brazzooka skal spela under to utekonsertar i Haugesund der eit knippe av internasjonale kjendismusikarar med.

Dei skal og delta i den store gateparaden. Og det hadde vore kjempekjekt om dei kunne koma sjøvegen og spela i Smedasundet, men om det er mogeleg veit dei ikkje enno. Når dei 9 er attende frå ferie skal dei øva inn ein del nye låtar.

Sebastian, broren Marius og tubalærar Pål Magne Austnes i Stavanger skriv og arrangerer ein del av musikken. Dei treng litt nytt på programmet. Det er ikkje bra dersom dei byrjar å gå trøytte av å spela dei same melodiane oppatt og oppatt.

På biletet over spelar dei utanfor Sandakaien i Uskedalen.

(Foto: Ola Matti Mathisen)

